

Kommune	Område	Lokalisering	Brukargrupper	Tilrettelegging	Tilkomst	Aktivitet	Opplevingskvalitet	Anna informasjon
Askøy	Herdla fort	Er å finne på nordspissen av Askøy. 30 km fra kommunesenteret men nær nok til at folk fra kommunen og bergensområdet valfarter til Herdla. Lokalbefolkningen og nærmeste skole, Fauskanger skole, bruker området i skoleøyemed, flere friluftaktiviteter er anlagt på plassen	Potensialet er ubegrenset -og det er stadig økende	Har arbeidet med universell utforming av asfaltert vei med lysanlegg, tilkomst til flere deler av friluftsområdet er tilrettelagt, skilting er på plass, offentlig toalett, parkeringsplasser, sykkelmuligheter, rasteplasser	Har buss tilknytning (siste holdeplass på bussrute 499 Herdla), sykkelveier, bilparkering, kaianlegg for båt, Herdla øy skal kunne tas i bruk av alle og det skal stilles krav til at både offentlige bygg og offentlige uteareal skal være utformet etter prinsipp om universell utforming. Det skal legges til rette for at kommunen skal kunne utvikle et opplevelses-senter/museum med tilhørende infrastruktur tilrettelagt for alle brukere	Det er utlån, leie av friluftstutstyr, opplæring i friluftaktiviteter, tilgang til båt, kajaker, kanoer, fri bruk av flere klatreløyper, via ferrata, telplasser, grillplasser, turveier, vikinglandsby, fiskeplasser, dykking osv	Det er det opne og tilgjengelege landskapet som gjer fortet særleg attraktivt som friluftsområde. Her er det lett å ta seg fram samstundes som ein har fritt utsyn mot sjøen nærast kvar ein er. At landskapet er variert med sletter, knausar og skog gjer at det vert opplevd som innhaldsrikt og spennande. Dei mange kulturminna legg også til rette for oppleving og læring. Den asfalterte veggen gjer det lett å ta seg fram med barnevogn, rullestol og sykkel. I tillegg finst ei rekke stiar/vegar som er godt tilrettelagde, inkludert ei grusløype rundt heile området. Då det meste av kystlinja går bratt ned i sjøen er området ikkje ideelt for bading og sjøliv. Unntaket er Steinвика der det finst ei lita rullesteinsstrand. Også i Svarthola er det råd å koma seg ned til sjøen. Det same gjeld ved skjæret rett vest av torpedobatteriet. Gavlvika har ein betongkai der det går an å leggja til med båt, men hamna er svært utsett ved vind frå nord. Ytst på Gavlen er det ein mykje brukt fiskeplass. Elles er det naturleg å sjå på Herdla som ein heiskap når det gjeld friluftskvalitetar. Då må særleg Valen nemnast, eit område som kanskje er endå meir besøkt enn fortet og som har dei kvalitetane fortet manglar i høve til tilgang til strand og sjø	
Bømlo	Espevær	Lokalisert på en liten øy uten veiforbindelse i Bømlo Kommune	Dette er en super plass for alle brukergrupper.		Tilkomst med hurtigbåt	Hummerpark, lekeplass, gåtur til ufo ring.	Gammel post, gammelt bådehus, kabelferge +++	
Bergen	Fløyenområdet	Bynært, nærhet til skoler, barnehager og Skansemyren idrettsanlegg.	Lokal, regional og nasjonal bruk. Svært attraktivt som lokalt turområde for beboere i Bergen sentrum og for øvrige bergensere som et utfartsområde.	God skilting og godt tilrettelagt med turveier, toaletter, bålplasser og gapahuker. Skilting skal oppgraderes til nasjonal skiltstandard. Delvis universelt utformet.	Tilkomst via turveier fra sentrum, evt. med Fløybanen.	Aktivitetssløype og rekeområder for barn, tilrettelagt for kanopadling (med utlån av kano og utstyr), flere gapahuker og grindverksbygg med mulighet for bål og grilling. Lysløype og preparerte skiløyper. Aktivitetsthus for friluftsliv (Radiostasjonen). Gratis overnatningsmulighet for barnefamilier (Tubakuba).	Gamle hoppbakker. Store, gamle trær. Historiske ferdslsveier. Varierte landskapstyper.	
Sund	Ord i spreke spor	Ord i spreke spor er ei løype som går frå Stranda skule til Storevarden. Den ligg nær Stranda barnehage, Stranda skule og Sund ungdomsskule. Løypa startar rett bak symjehallen ved barneskulen.	Stranda skule har 340 elevar, ungdomsskulen 250 og barnehagen har 90 barn. Alle vil bruka området minimum 3 gonger i organiserte opplegg i 2015, ca 2000 brukarar. Etter som løypa ligg i eit område med den sterkaste folkeveksten i kommunen, er området ideelt for barnefamiliar og funksjonsfriske eldre. Sund sitt innbyggjartal nærmar seg 7000, og mange i og utanfor kommunen vil vera flittige brukarar. I nærleiken ligg også Panorama konferansehotell som vil nytta løypa til sine gjestar. Vi kan finna tal på dei som går til Storevarden på slutten av året etter klipp i Kystpasset og signering i turboka. På opninga av løypa 03.06.15 myldra det av folk i alle aldrar i og utanfor Strandakrinsen, bortimot 300 med smått og stort. Vi veit allereie no at det er stor interesse for å bruka området.	Sund turlag har lagt ned mykje arbeid med tilrettelegging. Det er ein universelt utforma grusveg opp til ein gedigen gitr som du kan trilla over. Etter det er det ein vanleg tursti med skilting og infotavler. Når turgåarar er ute i landskapet kan dei gå vidare til Vetan (høgaste punktet i Sund) og vidare langs godt merka stiar over og rundt fjellet. Det er godt med parkeringsplass ved skulane.	Mange kan gå og sykla trygt frå Kleppe, Forlandsvågen, Håkonsund, Austefjorden og Lauvåsen. Det er busshaldeplass ved ungdomsskulen. Ein kan også koma sjøvegen til Forlandsvågen og Panorama konferansehotell og gå derifrå.	Det er lagt opp til aktivitetar heile året med arrangement, organiserte turar og eigenaktivitet. Stranda SFO er i aktivitet i området kvar dag. Det har også kopia på ei Tarzanløypa (nærmiljøprosjekt). Området vil vera i bruk heile året med skiftande aktivitetar.	Infotavlene formidlar naturkvalitetar og kulturhistoriske fakta. Det er ein sjeldan fin steingard som skil gardane Forland og Steinsland som ein kan lesa om på toppen på Storevarden. Det er også ei fantastisk historie og illustrasjon som fortel kvifor eit vatn langs løypa har fått namnet Trollavatnet. Elles finst det mange tilleggsverdilar som er skildra i folkehelse-prosjektet til Sund folkebibliotek.	Sund kommunestyre godkjende "Ord i spreke spor"- løypa som det mest attraktive friluftsområdet i møte 16.06.16.
Stord	Hystadmarkjø	Ligg 3 kilometer utanfor Leirvik sentrum i Nordbygdo/Rommetveit	Er Naturreservat med eit av dei mest særmerkte natur og kulturområda i Hordaland, kjem folk frå heile øya, regionen og fylket. Nyttja mykje av skular og barnehagar.	Parkering i begge endar av den 2 kilometer lange stien, grusa og tilrettelagt for rullestol. Informasjonstavler om dyre/planteliv og kulturminna.	Bil, båt, til fots, gå, sykkel.	Tur, opplysning, bading,strandliv med det ein vil der (badminstn, fotball i sanden) padling, grilling og oppleving.	Svartorskog, rikt plante og dyreliv. Informasjonstavler som fortel om natur og historie, kolerakyrkjegard, gravrøyser.	Stor gjestehamn i Sævarhagen i nord. Merka grøn løype etter internasjonal merkestandard
Fusa	Vinnesholmen	Vinnesholmen på austsida av Bjørmafjorden i bygda Vinnes. Barnehage og skule i gangavstand.	Den næraste brukargruppa er bygda Vinnes med ca 250 innbyggjarar. Friluftsområdet er nytta av heile Fusa kommune. Det vert nytta av båtturistar og er mykje nytta av skuleklassar frå Os kommune som sykklar via ferja og har overnattingsturar her. Avstand til Os sentrum berre 11 km. Holmen har i ei årekkje vorte brukt av Bergen kommune sine sommarleiarar for funksjonshemma som har dagsturar frå Hålandsdalen leirskole.	Lett tilgjengeleg med køyrbar molo. Parkeringsplass på landsida, men dei som treng det kan køyra heilt fram og parkera. Turområdet er skilta som ein del av det regionale turstiprosjektet.	Det er gjesteplassar i båthamna som ligg like ved for båtturistar. Tunet og innmarka er halden slik at det eignar seg for telting. Det er også eige toalett for friluftsområdet, universelt utforma.	Her kan ein driva eit aktivt friluftsliv heile året. Fiske på svaberga, bada, gå tur tur og organisera aktivitetar på innmarka. Våningshuset vert nytta til korttidsutleige. Helger om vinteren og veker om sommaren. I tillegg er det moegeleg for "farande folk" med kajak eller robåt og ta inn gratis i låa. Det er også under bygging ein gapahuk på beiteområdet som eignar seg for overnatting. Staden disponerer ein osevar og det er tilgang på redningsvestar frå Fusa utstyrbank som er lagra i naustet. Kvar vår er det ein eigen aktivitetsdag for alle 6. klassingar i Fusa som ein del av DKS. I midten av juni er det eigen festival på øya: Vinnesholmen.	Vinnesholmen er ein tidlegare husmannsplass. I dag eigd av Fusa kommune. Våningshus, låe og naust er verneverdig og restaurert i samarbeid med HFK på 1990-talet. Det er etablert ein eigen sogesti rundt holmen med infotavler. Nærmiljøet har stått bak ei storstilt tilbakeføring av det opprinnelege kulturlandskapet dei siste åra. Holmen har store opplevingsverdilar som kulturlandskap. Vedlikehaldet vert gjort av utegangarsauer.	Friluftsområdet på Vinnesholmen har sidan 1990 vorte drive av frivillige. I dag står Vinnesholmen kystlag for drifta etter avtale med Fusa kommune og med eit visst samarbeid med BOF. Det blir lagt ned ein stor frivillig innsats i drifta av staden som gjer at Vinnesholmen framstår som eit unikt friluftsområde med tilreisande frå fjern og nær.
Øygarden	Pardalsmyra	I Vikåsen Tursti. På Toft i Øygarden. Skole,barnehage ca 3 km. Bruks ofte av disse.	På Toftøy/Turøy/Misje ca 2500 pers. Men samtidig åpent for alle. Toftøy barneskule og barnehage ligger fint plassert til flittig bruk av stien. samtidig er den gjort godt kjent i heile kommunen gjennom Friluftslivets år, den blir aktivt brukt av Turlaget.	Ein kan parkere ved Teknologisenteret, krysse veggen og gå 200 m nordover til inngangen av Vikåsen tursti. Det er informasjonsskilt ved inngangen av stien, samt at stien er godt merka.	Hovudinngangen til turstiane er ved rv. 561, rett vest for Vik gard. Det er sett opp informasjonsskilt der stien startar, rett på innsida av bomvegen som fører til det kommunale vassverket ved Stegevikvatnet.Parkering, skilting, ikke sykkelvei, ikke tilkomst for rullestol. Turstier fra flere kanter.	Pardalsmyra er et friluftsområde i og ved skogen. Det er bygd opp lekeapparater for barn i trær og ved fjell, blant annet en zip-line. Det er bålplass og benker. Det er flere alternativer for turer i området som er merket. Pardalsmyra ligger slik til, at det er tilkomst hele året.	Vestover går stien parallelt med ein steingard som går aust - vest. Denne steingarden var grensa mellom to gardar. Ein kjem opp på høgste punktet på turen, Vikåsen, 56 moh, med flott kringssjø. Det er utsikt mot Kvalvåna, som på yttersida skjuler det øydelagte bølgekraftverket som vart bygd på 80-talet. Stien held fram ned til Kyldlaren, og ein kryssar over til neste utsiktspunkt på Jurfedthaugen. Tilbaketuren kan ein følgja eit stykkje på Turøyvegen og ta inn utmarka og gå aust til Pardalsmyra. Her får ein eit lite innblikk i det kulturlandskapet som fiskaren og småbrukbonden nytta då det vart drive sommarstøl, fram til 1958. Toftøy nærmiljøutval har restaurert fleire skjeneflorar, som var enkle hus, gjerne bygde av stein, som beitedyra vart tekne inn i for mjølkning eller for ly mot vær og vind. Vikåsen tursti ligger i et kulturhistorisk landskap med flere restaurerte skjeneflorer bygget av stein, og var i bruk fram til 1958. I pardalsmyra ligger en av de restaurerte florene.	Jungelløypa i Pardalsmyra ble opna juni 2015. Alle florene kan en oppholde seg i ved dårlig vær. Floren i pardalsmyra har benker og bord. Langs hele vikåsen tursti og i pardalsmyra er det satt opp skilt med relevant informasjon om fuglelivet i området.
Radøy	Tusensårsstaden (området kring Solendfjellet, Nøttveitveten og Morkefjellet)	Området ligg i gangavstand frå kommunesenteret Manger, som er den største tettstaden i kommunen. På Manger er det barnehage, barneskule, ungdomsskule med elevar frå heile kommunen, Manger folkehøgskule, idrettsanlegg, butikkar m.m.	Området vert nytta av innbyggjarar frå heile kommunen og også innbyggjarar frå andre delar av Nordhordland. Området er også eit populært turmål for hyttefolk og turistar. Nøttveitveten er ein av ti "selfie-toppa" i Nordhordland i eit turopplegg som er initiert av Knarvikmila og Knarvik senter. Morkefjellet er ein av Radøy sine ti turmål i 2015. I perioden frå 1. juni 2014 til 30. mai 2015 er det skrivne ned 14 485 namn i boka på toppen av Nøttveitveten.	Det er mogleg å parkera på Manger eller på Solendfjellet. Området er tilrettelagt med gjerdekyiv og inngangen til området er skilta. Det er sett opp benkar på Solendfjellet ved parkeringsplassen. Denne staden er såleis tilgjengeleg for alle. Her får ein ei nydeleg utsikt over Manger og vestover mot Meland, Askøy, Øygarden og Hjeltefjorden. På Nøttveitveten og Morkefjellet er det sett opp gapahukar.	Området ligg i gangavstand frå Manger. Det er også mogleg å koma dit med buss, bil eller sykkel.	Området kan og vert nytta heile året. Det er gapahukar på Nøttveitveten og Morkefjellet der ein kan søkja ly.	Området ligg i eit flott kulturlandskap. Garden Morken kom for nokre år sidan på andre plass i Hordaland fylke si kåring av kulturlandskap. Det er rikt med kulturminne i området. Her må me særleg nemna uteflorar og rydningsrøyser. Det er flott utsikt heile turen. Undervegen kan ein også oppleva ei brakjehytte som er sett opp av kunstnare Aud Bækkelund frå Kvam.	Området er kåra som det mest attraktive friluftsområdet i Radøy kommune av innbyggjarane i Radøy. Området vart vald til Radøy kommune sin tusenårsstad. Bilete vert send i eigen e-post.
Tysnes	Kjevika friluftsområde	Nordvest for og like ved Uggdal tettstad/bygd. Nærleik til Uggdal skule,Stjernereiso barnehage og Reiso idrettsanlegg. Ligg i tilknytning til Myklestadskogen - der turløypa er merka og gradert etter nasjonal standard.Fint utgangspunkt for padling i nærområdet og Bårdsundet.	Vaksne og born i alle aldre, både fastbuande, hyttefolk, feriegjestar og båtturistar. Skuleelevar og barnehageborn. Konserter under Tysnesfest.	Universelt utforma - skilting, parkering, handicaptillpassa toalett, baderampe, turløype, eldstad og sandvolleyballbane. Turen fra Sundar til Bondhusvatnet er tilrettelagt for alle.Særleg er den populær for barnefamiliar og den er god å køyra med vogn på. Skilta etter nasjonal standard. Parkeringsplass med toalett, toalett halvveis inn til vatnet. Mogleg å bade i Bondhusvatnet (brevatn) for dei aller tøfaste.	Parkering og turveg inn i området. Parkering er markert med skilt for friluftsområde.Atkomst frå Uggdalseidet eller turveg/stig frå Myklestad. Bil.gange,båt,syssel og kajak.	Nærmiljøanlegg sandvolley. Konserter om sommer. Merka og gradert turløype i Myklestadskogen vest for kyrkjevattnet.Passerer Gamle naust og nytt hyttefelt i Hallgjerdsvika på veg til Kjevika og Myklestadskogen.	Flott furuskog,bær,fiske i Kyrkjevattnet.Uggdal kyrkje ligg like ved. Gravrøyser.Formidling i brosjyremateriell,nettstader og informasjonstavle.Området representerer Tysnes i Vandrekartet - Vandring for Hordaland.	Kjevika er eit viktig friluftsområde i Tysnes. Her er ein ikke avhengig av båt for å nå fram til badeplassen. Det er viktig å tilrettelegge og ta vare på friluftsområde og turløyper i nærleiken av der folk bur, og i gangavstand til skuler og barnehage.
Kvinnerhad	Sundal	Sundal er ein liten tettstad med skule og barnehage for omlag 250 innbyggjarar ,Sundal ligg 25 minutt frå Rosendal, 30 minutt frå Jondal og 15 minutt frå Odda. Nær Mauranger skule og barnehage.	Innbyggjarar i Kvinnerhad, men også Jondal og Odda Turistar med eigen bil, cruisepassasjerar, bussgrupper, skuleelevar og barnehagar i Kvinnerhad, grupper med studentar og elevar på natur/friluftslivslinjer, turlag, grupper med guide frå breførarlaget og andre friluftorganisasjonar.	Universelt utforma - skilting, parkering, handicaptillpassa toalett, baderampe, turløype, eldstad og sandvolleyballbane. Turen fra Sundar til Bondhusvatnet er tilrettelagt for alle.Særleg er den populær for barnefamiliar og den er god å køyra med vogn på. Skilta etter nasjonal standard. Parkeringsplass med toalett, toalett halvveis inn til vatnet. Mogleg å bade i Bondhusvatnet (brevatn) for dei aller tøfaste.	Stor god parkeringsplass ved Bondhus og god grusveg innover dalen til vatnet.	Bondhusdalen er eit attraktivt friluftsområde som er tilgjengeleg heile året nede i dalen, og i sommarhalvåret opp Turistveggen over Folgefonna til Fonnaba, over til Holmaskjer og ned til Odda. Det er opna ei historisk vandrerute i samband med friluftslivets år 2015.	Kulturminne, historia frå dei første turistane som kom her midt på 1800-talet og flott kulturlandskap i dalen og ved stølane/setrane gjer området til eit populært område. I tillegg kan ein nytta godt av den dramatiske naturen med brearmen som kjem ned i dalen.	Tilbod om friluftaktivitetar i området: www.tursti.kvinnerhad.no 69 merkte turstiar i Kvinnerhad. www.folgefonna.info Utarbeida eigen app med lokal tur og kulturinformasjon www.grind.no

Austrheim	Vardetangen og Årvika Friluftsområde	Vardetangen er det vestlegaste fastlandspunktet i Noreg. Vardetangen og Årvika ligg i gangavstand til Kaland barnehage og Kaland barne- og ungdomsskule. Industriområdet Mongstad med om lag 3000 arbeidsplassar ligg i gangavstand til Årvika og gjestarbeidare er stadig på tur i området. Vardetangen ligg ca 20 min gangavstand frå hurtigbåtstoppen for båt Bergen/Sogn/Nordfjord.	Vardetangen har mellom 4-5000 noteringar i turboka kvart år. Både Vardetangen og Årvika vert nytta mykje av lokalbefolkning, hyttefolk, skule og barnehage. Også tilreisande brukar området.	Tilkomst til friluftsområdet Årvika er universell utforma, og gjev god tilkomst for alle brukergrupper. Bergen og Omland Friluftsråd har plan om badarampe i området. Toalett vart bygd i 2015. Området i Årvika har stor og god gapahuk og eldstad. Eigen parkeringsplass i tilknytning til universell veg er opparbeid. Godt med p-plassar for ålmenta.	God tilkomst uansett framkomstmiddel. Hurtigbåtstopp, busstoppe (ca 400 meter til hovudveg), sykkel, bil, båt, kajakk eller til fots. Enkelt å ta seg til Vardetangen og Årvika friluftsområde.	Dette er alt no på plass eller under planlegging: • Aktivitetsområde o Sandvolleyball o Kiting o Windsurfing o Frisbeegolfbane o Bading o Kajakk o Grilling o Havsportcamp o Gapahuk o Treningsapparat kombinert med turveg, o Strandleikar til dei yngste borna ligg på plassen. o Sommarbibliotek er etablert i gapahuken • Ein stad der born og unge kan trivast og utfalda seg • Eit rekreasjonsområde for nærmiljøet • Ein stad der folk frå heile Nordhordland ynskjer å besøke heile året.	Vardetangen og Årvika inneheld fleire spanande opplevingar. Ved start på turveg til Vardetangen finn ein husmannsplassen Trovneset. Skilta med informasjonstavle. Her har kommunen også restaurert ein jordkjellar. Turområdet har fleire informasjonstavler. Vardetangen er det vestlegaste ein kan koma på fastlandet i Noreg. Rike naturopplevingar mellom anna holmar, skjer, lyngheiar og gamlat kulturlandskap. Fønnesvassdraget har fleire ypperlege fiskevatn (fiskekort) og ved Purkebolvatnet hekkar 1000-vis av fuglar, mellom anna Låvesvale og Brunnakken. Vinterstid vert vatna her brukt til å gå på skøyter. Området ligg ved Fønnesvågen, som i seg sjølv er lokalhistorisk viktig og spanande.	Kommunen har saman med Fønnes bygdelag, Gjensidigestiftinga, BOF og grunneigarar dei siste åra gjort store oppgraderingar av friluftsområdet Årvika. Ypperleg rekreasjonsområde for både havsportaktiviteter og bading, men også som areana for andre typer arrangement, konsert, jonsokfeiring, nyttårsfeiring med fyrverkeri, camp for aktivtior og andre ting. Kommunen har også planlagt og fått prosjektert universell turveg frå hurtigbåtstopp til Vardetangen. Spelemiddelsøknad er godkjend og håp om anbodsrunde før nytt år. Bilete og vedlegg vert sendt pr. epost.
Sveio	Ryvarden Kulturfyrr	Turområde mot Bømlafjorden, vest i Sveio. 2km veg ut. Området kan nås ved å gå, sykle eller kjøre bil til Mølstrevåg og gå resten av vegen.	Turområdet er eit populært turmål for regionene Sunnhordland og Haugalandet med om lag 100.000 innbyggjarar. I tillegg er det sjølvsgatt eit mykje brukt turområde for kommunen sine eigne innbyggjarar (5.500) og dei mange som har hytte i Sveio. Ein reknar at ca 30.000-35.000 besøkjar Ryvarden kvart år.	Området er skilta etter nasjonal standard, ikkje spesielt universelt utforma, men blir likevel godt brukt av rullestolbrukarar og familiar med barnevogn. Det er planar om å setje opp døgnoppe toalettbygg for å gje tilbod til dei som kjem utanom opningstida til kafeen på fyret.(Søknad om spelemidlar) På fyret er det galleri, kafe og overnattingsstad. Her er sjølvsgatt høve til fiske. Mølstrevåg-Ryvarden er utgangspunkt for turløype vidare til Lyngholm, ei løype som er ein del av Nordsjøløypa.	To km gange frå Mølstrevåg. Personar som ikkje kan gå til fyret, kan få tillatelse til å kjøre ut. Vegen ut er grusa. For båtfolk er det mogleg å legge til kai i Mølstrevåg, for så å gå utover til fyret.	Området er utgangspunkt for turgåarar frå Mølstrevåg og Lyngholm, ein del av Nordsjøløypa. Syklistar brukar også Ryvarden som turmål. Ryvarden er ein avstikker frå Nordsjøsykkelløypa. Det er mogleg å leige fyrmeisterbustaden til overnatting og galleriet til ulike arrangement. Ryvarden kulturfyrr er opptatt av å arbeide med å legge til rette for barnefamiliar og har planar om å bruke uteområdet rundt fyret og husa der ute meir aktivt framover. Det er ønskeleg å få sett opp apparat av ulike slag som kan nyttast av born/ungdom og vaksne til leik og fysisk aktivitet framover.	Ryvarden har vore eit seglingsmerke i over 1100 år. Floke Vilgjerdson, seinare kalla Ramnafloke, segla herifra til Island alt i år 869. Flokevarden, der han blota før avreise, er det første kjente seglingsmerke i landet. 1. pinsedag i 1992 kunne galleri Ryvarden ønske velkommen til nyopussa vester fulle av biletkunst, solide tremøblar og lukt av kaffe og nysteikte vafflar. Galleriet er ope søndagar i heile sesongen, som går i frå påske til jul. Her er fyrjazz under Sildajazzen, dukkevognparade, bryllaup og andre arrangement. I år 2000 vart Ryvarden tildelt "Olavsrosa" av Norsk Kulturarv. I ei tid der ein ser at rekreasjon og kultur stadig er meir etterspurt, arbeider ein strategisk med å ta vare på mangfaldet området har i tilby: variet kunstformidling, sterke naturopplevingar og nærhet til dei historiske banda.	Ryvarden kulturfyrr arbeider med å legge til rette for at turområdet skal kunne nyttast utanom opningstida i galleri/kafe. Stort antal besøkane gjer at det no er vedteke å byggja døgnoppe toalettanlegg, som kan nyttast utanom opningstida i galleriet. Dersom ein er så heldige å få prispengar på 30.000 ønskjer ein å få sett opp ein gapahuk som kan gje tilbod om ein tørr og litt lun stad å nyte medbrakt mat og utsikten over Bømlafjorden. Mange barnefamiliar brukar området gjennom vekene heile året. I tillegg er det institusjonar og barnehagar som tek turen utover. Desse vil kunne ha stor glede av gapahuk, i tillegg til alle besøkjande i ordinær opningtid, som ønskjer å vera utandørs.
Osterøy	Storavatnet	Denne naturperla ligg sentralt på Osterøy mellom Fotlandsvåg og Lonevåg.	Denne eit område som blir brukt av folk frå heile Osterøy. Det er og brukarar frå andre kommunar og turistar som nyttar området. Brukargruppene er frå 0 - 100 år. Osterøy turlag og turlag frå andre kommunar har dette området som utgangspunkt for dei fleste av sine turar.	Det er mange innslagspunkt til Storavatnet. Eit av dei er Selvika, her er det skilta m/kart som viser turløyper og padleløype. Det er tilrettelagt HC toalett, båttrampe, parkeringsplass, benkar og det er planlagt grillplass. Bergen og Omland friluftsråd er med i planlegginga av denne delen av Storavatnet saman med kommunen. I gangavstand frå Selvika ligg Vare skiløype som er tilrettelagt med lys og har underlag som kan nyttast heile året. Den egner seg og til tur med barnevogn ved bar bakke. Skiløypa har parkeringsplass. På Bruviksida har 4 H opparbeidd ein Gapahuk. Det er ingen direkte tilrettelagte camping/teltplassar, men på grunn av området sin topografi er dei naturlege områda spesielt for telting gode. Turistar brukar ofte parkeringsplassen til camping. f.eks med telt eller bubil. Denne bruken verkar ikkje privatiserande på andre brukarar av området då parkeringsplassen er stor og i liten grad innverkar på aktivitetane som brukarane i området nyttar.	Området Storavatnet ligg mellom tre bygdar og dette gjer at ikkje så mange går til dette området, men ein kan godt sykle dit både frå Lonevåg, Bruvik og Fotlandsvåg. Til Selvika går det buss og busshaldplassen ligg direkte opp til badeplassen. Dersom ein nyttar bil er det gode parkeringstilhøve ved Selvika. Frå Bruviksida er det ikkje kollektivtransport, der må ein sykle eller bruke bil e.l.	Dette er eit område for heilårsaktivitet. Det er eit godt utgangspunkt for turar i alle retningar og turar med variet vanskelighetsgrad. Det er flotte badeplassar fleire stadar rundt vatnet. Det er gode fiskemoglegheiter, det er eit sjelden godt padleområde, mange campar/teltar. Mange grillar og nyttar området til rekreasjon både i vekedagar og i helg. Heile året kan ein nytte lysløypa på Vare. På vinteren er og Herlandsnesjane eit strålende område å gå på ski i. Dersom ein treng større utfordringar er Storavatnet utgangspunkt for Høgafjellet og på vinteren.	Område Storavatnet er vald på bakgrunn av innkomme forslag til Osterøy kommune gjennom ei kåring av Osterøy sitt mest attraktive friluftslivsområde. Ein Jury, bestående av Ordførar Kari F Aakre, planavdelinga v/Kristin Kjærås og Osterøy Turlag v/Leiar Ørgeren Varden, ar sett på forslaga og diskutert dei opp mot kriteria for kåring av Hordaland sitt mest attraktive område. (På denne sida ligg det ikkje nokon moglegheit for å laste opp bilete) Eventuelle prispengar ynskjer ein skal gå til universell utforming av områda i Selvika og på Vare slik at desse blir tilrettelagt for alle i ein enno større grad enn i dag.	
Os	Lysøen Friluftsområde	Lysøen Friluftsområde ligg på øya Lysøen ved Lysefjorden i Os kommune. Frå buena kai tek det 5-10 min. med båt til øya. På Buena kai finn ein butikk, kafe og post. Frå buena kai tek det ca 3 min å kjøre til skule, idrettsanlegg og klosteruinane på Lysekloster. Lysefjorden er ei bygd i Os kommune som grenser mot i Bergen kommune i nord, mot Søfteland i nordaust og mot Askvik og Os Nord i sør .	Brukargrupper frå lokalbefolkninga og regionen er flinke til å nytta øya gjennom heile året. Ansatte ved Museet Lysøen meiner det er så mange som 10.000-12.000 besøkjande på øya (gjeld ikkje betalande til villaen) gjennom året. Det er alt frå lokale som tek seg ein jøgetur på øya, sopp plukkarar og båtfolk som kjem frå heile regionen som legg til på øya. I tillegg til brukargrupper frå området og regionen så kjem det kvart år besøkjande frå heile verda for å sjå Museet Lysøen ,parkanlegget Lysøen og sjølve øya. I sesong for Museet (18.5-31.8) er det i år registrert ca. 7000 betalande. Fleire av desse utforskar også øya sine flotte turstiar.	Friluftsområdet har gode kvalitetar og tilrettelagt for dei fleste brukargrupper. Hovudkai der rutebåt legg til er brei og enkel å koma seg i land frå. I tillegg finn ein 2 andre gjestebrygger med plass til ca. 15 båtar. Friluftsområdet har informasjonstavle og 3 ulike stiar som er merka med nasjonal standard gjennom «Vandring i Hordaland» som er eit marknadskommunikasjonsprosjekt som representerer dei mest attraktive turløypene i fylket. Toalett er tilgjengeleg ved Villaen. Parkeringsplass for 20-30 bilar i området ved Buena kai for dei som tek rutebåt.	Tilkomst til øya vert med eigen båt, kano, skysbåt i sesong eller mindre turistbåtar(katamaran o.l.) Dei som tek skysbåten kan parkera på området ved Buena kai eller ta rutebuss frå Os eller Fana som stopper ved kaien.	Lysøen friluftsområde på 700 mål byr på mykje fin natur kombinasjon av kulturhistoriske opplevingar. I tillegg til turvegar, lysthus og gode badevikar så er kanskje sommar villaen til Ole Bull ein av dei unike i norsk bygningshistorie(1872-73).Gjennom visning kan ein sjå musikkhallen, Ole Bulls soverom, anegalleriet samt stueene i underetasjen. I tillegg til villaen så finn ein også eit gamalt gårdstun frå 1600-talet på området. Ved å gå tur på øya kan ein oppleva moderne grindverksbygg og ved det høgaste punktet (76 m.o.h) kan ein oppsaka eit utsiktstårn som vart reist til minne om Ole Bull i 1903. Museet Lysøen er ein populær turistattraksjon der ulike reiselivs operatørar har Lysøen som destinasjon. Lokalt så finn ein brosjyrar om øya som ligg i kundetorget på Rdhuset. Bergen og Omland Friluftsråd har ansvar for friluftsområda på øya og informasjon om desse kan ein finne på deira heimesider.	I dialog mellom Os kommune(kultureininga), rådgjevar ved BOF og dagleg leiar ved Museet Lysøen er det ønske om at eventuelle prispengar skal nytta til etablering av ilandstignings bryggje i Lysevågen. Grunngeving: Lysevågen er ein av dei flottaste uthavnene vi har på Vestlandet der det kan koma intill 30 båtar på gode sol dagar. Denne vågen ligg på vestsida av øya og her ligg båtane i ly for vind frå alle retningar. Vågen har fleire fortøyningsbøyer men det er ikkje alle plassar det er like lett å koma i land. For å få besøkjande i vågen til å utforske og nytta turløypene på øya meir, ynskjer ein å gjøre desse meir tilgjengeleg ved å lage ei ilandstigningsbryggje slik at fleire kan gå tur på øya.	
Fjell	Algrøyna	Algrøyna er ei øy vest på Sotra i Fjell kommune. Området det er tale om er eit tur- og friluftsområde som er godt merka, og knytt opp til gamle Algrøy skule, som vart lagt ned i 2012. Det er framleis ein barnehage i området, og skulen er teke over av grendalaget på Algrøyna. dette grendalaget er av dei mest aktive i kommunen, og arrangerer kvart år Havgangen på Algrøyna. Dette er eit arrangement som samlar mange deltakarar, og får folk ut i dei merka løypene	Grunna den store aktiviteten til grendalaget, samt fokuset deira på turløyper (Folkehelseprisen i 2013), samlar lokalbefolkninga seg ofte i løypenettverket. Men turløypene vert nytta av veldig mange i kommunen elles av di løypene er godt promotert i mange ulike kanalar. I Fjell turlag si turkalender - både skriftleg og på nett - vert turane der promotert, og det kjem folk frå mange kommunar utanfor regionen. Algrøyna er og ein del av Nordsjøåra, som er ei gradert og merka padleløype. Det er eit stort antal kajakkpadlarar frå Bergensregionen som nyttar dette området. Det er vanskeleg å gjeva eit eksakt tal på bruken.	Turløypene er sær godt merka stimesig, men og i høve til attraksjonar langs løypa. Parkeringstilhøve er veldig gode, då dei fleste nyttar skulen sin parkeringsplass. I løypa er det lagt til rette for eldstad og aktivitetar for born. Det er gode tilhøve for fisking langs ruta. Det er ikkje lagt til rette for UU i løypa. Ved arrangement vert skulen nytta som aktivtetsplass. Der er det og høve til toalettfasilitetar.	Fjell kommune, i samarbeid med Bergen og Omland friluftsråd, Sotra og Øygarden jakt of fiskeforening, MOT i Fjell, God-tur m.f., har i fleire år bygd opp ein utstyrsbank som er tilgjengeleg i området ved kontakt. Det er lagt til rette ein aktivitetsløype i eit skogsområde der ein og finn troll. Det er og sett ut kunstfigurar i løypa, og det er sett opp skilting på kulturminna der. Det er og lagt opp til fleire rasteplassar, den eine med eldstad. Det er og sett opp postar der ein kan skrive seg inn i turbøker. Fleire av turane til Fjell turlag og Sotra og Øygarden turlag går i desse traseene.	Fleire natur og kulturhistoriske minnesmerke i løypa er anten merka, eller formidla immatrielt på turar. Det at løypa går langs, og på, svaberg gjev ein særskilt flott oppleving av hav og kystkulturlandskap. landskapet er teke vare på gjennom beiting av villsau. Frå havsida er Nordsjøåra formidlar av gode landingsplassar for kajakk og småbåtar. Fleire arkeologiske lokalitetar har blitt påvist, saman med ein del kulturhistoriske grunnar etter hus og skjeneflorar. Ein flott hellar reiser seg lengst i vest, og der er det påvist arkeologi. Dette, og det krigshistoriske aspektet, vert formidkla på ulike guida turar. Ein viktig bidragsytar til aktivitet er bygdalaget, men og Urtemakeriet, som har ahtt ein formidlabel vekst dei siste åra. Her vert kulturhistorie og mattradisjonar formidla. Dei står og for utleige av husvære og småbåtar. I tillegg finn vi Strilålam på øya, der villsaukjøtt vert foredla på tradisjonell måte. Dei har slakteri og utsal på Algrøyna	det er viktig å merka seg at dette området har mykje godt lagt til rette for friluftsliv, og har eit særreige landskap. Men det er behov for vidare utvikling av særskit tilgjengelet. Difor ønskjer vi særskilt at om området skulle få midlar, at dei går til vidare tilgjengeleggjering og helst knytt opp mot tilrettelegging av kajakktilbodet på Algrøyna kai. Denne kaien er kommunal.	

Meland	Håøya	Håøya er eit tilegare festningsanlegg ved nordenden av Flatøy, der Nordhordlandsbrua bind saman regionen med Bergen. Flatøy og Håøya ligg midt mellom kommunesentruma Knarvik og Frekhaug i høvesvis Lindås og Meland kommunar. Håøya er slik moglegvis regionen sitt mest sentralt plasserte friluftsområde.	<p>Brukargrupper – nærmiljøet: Kring 10 000 innbyggjarar i tettstadsområdet Frekhaug- Knarvik. Barnehagar i begge kommunar, skulelevar frå 1-10 trinn og ikkje minst Knarvik Vgs. Nordhordland folkehøgskule er òg ein viktig brukar. Det er svært mange barnefamiliar i området.</p> <p>Brukargrupper – regionen: Kommunane Meland, Lindås, Radøy og Austrheim har til saman i overkant av 31 000 innbyggjarar. I tillegg er Håøya eit populært alternativ hos mange i Åsane bydel.</p>	<p>Turstien frå Flatøy er oppgradert med fine klopper og trapper og er merka etter standarden til Turskiltprosjektet. Det er flott gangveg frå sjøen og opp til toppen på 183 m.o.h. I friområdet ved sjøen er det fortøyingsboltar og –bøye, brygge for småbåtar og hovudkai med leidarar for om bord- og ilandstiging. Det er òg toalett, fast grill og bord og benk ved kaien. Håøya si historie strekk seg tilbake til mellomalderen og er ein flott plass for formidling og kulturhistoriske opplevingar. Det er mellom anna ei informasjonstavle som syner plassering av kulturminne og historia til festninga. Det er stor plen med gode forhold for telting i tillegg til at naustet kan nyttast som skjul ved dårleg vær.</p>	<p>Merka svært god tursti frå E39/Flatøy. Med båt eller kajakk inn Flatøyosen.</p>	<p>Mosjon, rekreasjon og trening. Mykje nytta av barnehagar, skular og speidarar til utflukt, overnatting og formidling. Godt lagt til rette for padlarar og ein naturleg plass å overnatte nord for Bergen. Nordhordland padlekubb ligg i nærleiken med mykje aktivitet i Flatøyosen, eit av svært få område i regionen med flatt vatn som eignar seg for lågterskeltilbod for nybegynnarar og inkludering av grupper med særlege behov. Er svært mykje nytta av barnefamiliar som eit godt turmål med god lengde og forhold uavhengig av alder. Det er fleire gode fiskeplassar i området.</p>	<p>Håøya si historie spenner seg frå steinalderen til moderne tid. I eidet mellom Midtmarka og Håøy er det funne spor etter busetting og virke i steinalderen. Håøya er nemnd i sagaen som ein stad for strid i borgarkrigane på slutten av 1100-talet og har vore vardefjell i lang tid. I nyare tid vart Håøya skilt ut frå Flatøy med eigen gardsdrift fram til festninga vart etablert. Festninga er svært omfattande og står i samband med anlegga ved Hagelsundet, Smineset og den tidlegare flystasjonen, som hadde ansvar for kyststripa frå Jæren til Nord-Trøndelag. Her var det òg kampar i 1940. Det er svært mange spor frå denne tida: grunnar etter infanteriforlegninga, plattformar for kanonar, skytestillingar, bunkarar, vegsystem, kommandantbustad og ikkje minst eldre beitelandskap. Det er flott skog og mykje fugleliv på øya, der du kan sjå restane etter den tidlegare gardsdrifta og lynchhei, sjølv om det gror til her òg.</p>
--------	-------	---	--	--	--	--	--